Protokoll frå årsmøtet Hareid Idrettslag

DAG: Onsdag 25.mars
TID: 18.00-20.00
STAD: Klubbhuset til HIL

Oppmøte:
8 medlemmar + Vikebladet Vestposten

Sak 1. Godkjenne dei som har røysterett

8 røysteføre ved start av årsmøtet

Sak 2. Val av dirigent (ar)
Forslag: Odd Arve Riise

Vedtak: Odd Arve Riise blei samrøystes valt

Sak 3. Val av protokollførar (ar)
Forslag: Vivian Johansen

Vedtak: Vivian Johansen blei samrøystes valt

Sak 4. Velje to medlemmar til å underskrive protokollen
Forslag: Kristian Angelsen og Leiv Arne Grimstad

Vedtak: Kristian Angelsen og Leiv Arne Grimstad blei samrøystes valt

Sak 5. Godkjenne innkallinga

Vedtak: Innkallinga blei godkjent

Sak 6. Godkjenne sakliste

Vedtak: Saklista blei godkjent

Sak 7. Godkjenne forretningsordenen

Vedtak: Forretningsordenen vart godkjent

Sak 8 a) Handsame årsmelding frå idrettslaget

Det vert vist til utsendt årsmelding. Odd Arve Riise gjekk gjennom årsmeldinga for idrettslaget. Auke i medlemstal, 117 fleire medlemmar enn fjoråret. Økonomien har blitt betre, sjølv om kostnadane ved å drive idrettslaget har auka. Målet for 2026 er å auke sponsorinntektene.

Vedtak: Årsmeldinga for 2026 blei godkjent

Sak 8 b) Gjennomgang av gruppene sine årsmeldingar og rekneskap

Årsmelding og rekneskap frå fotballgruppa vart lagt fram. Forslag til nytt styret i fotballgruppa:

Leiar: Sindre Breivik	1 år
Nestleiar: Kristian Angelsen	2 år
Styremedlem: Adolphus Jacobs	2 år
Styremedlem: Stian Runne Brandal	1 år
Styremedlem: Ørjan Engen Grimstad	2 år
Styremedlem: Lena Kathrin Hansen	2 år
Styremedlem: Therese Hareide Holstad	2 år
Styremedlem: Rita Elin Dimmen	1 år

Valnemnd: Vidar Longva
Renate R Lillebø
Daniel Teigene

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå turngruppa vart lagt fram. Forslag til nytt styret i turngruppa:

Leiar: Lars Grimstad Øvrelid

Styremedlem: Thor-Ove Brekke

Styremedlem: Frida Systad Digranes

Styremedlem: Robin Grimstad Fure

Styremedlem: Elena Rusten Kvaalen

Styremedlem: Andrea Fjeld Hansen

Valnemnd: Ragnhild Indreeide Grimstad
Synnøve Kvalsund

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå handballgruppa vart lagt fram. Forslag til nytt styret i handballgruppa:

Leiar: Vivian Johansen	1 år
Nestleiar: Astrid Liaset Ertesvåg	1 år
Styremedlem: Melisa Saldic	2 år
Styremedlem: Odeta Galdikiene	1 år
Styremedlem: Linn Wingsternes	2 år
Styremedlem: Emma Flø Dimmen	1 år
Styremedlem: Kristine Johansen Rise	1 år

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå friidrettsgruppa vart lagt fram. Forslag til nytt styret i turngruppa:

Leiar: Hege Holstad	1 år
Styremedlem: Kristin Dimmen	1 år
Styremedlem: Geir Sæther	2 år
Styremedlem: Ingvild Grimstad Selvåg	1 år
Styremedlem: Odd Erling Eriksen	1 år
Styremedlem: Peder Alme	1 år
Styremedlem: Tiril Grimstad Kirkebø	2 år
Vara: Siv Renate Larsen	1 år
2. vara: Michaela Mincu	2 år

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå trimgruppa vart lagt fram. Forslag til nytt styret i trimgruppa:

Leiar: Gunn Bente Drevland	1 år
Nestleiar: Hildegunn Thomassen	1 år
Styremedlem: Leiv Arne Grimstad	1 år
Styremedlem: Andreas Moldskred	2 år
Styremedlem: Jan Morten Nilsen	2 år
Styremedlem: Trond Are Thomassen	1 år
Vara: Odd Elvanes	1 år
Irene Fjelle	2 år

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå Nordvest Maraton vart lagt fram. Forslag til nytt styret i gruppa:

Leiar: Vidar Vollsæter

Styremedlem: Jon Kåre Mork

Styremedlem: Bjarte Sunde

Styremedlem: Kristian Angelsen

Styremedlem: Einar Orten Trovåg

Styremedlem: Henning Røyset

Styremedlem: Eiliv Howlid

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Årsmelding og rekneskap frå Badminton vart lagt fram. Forslag til nytt styret i gruppa:

Leiar: Sindre Breivik

Nestleiar: Andreas Røyset

Styremedlem: Roger Finvik

Styremedlem: Håvard Holstad

Styremedlem: Sindre Breivik

Vedtak: Årsmeldinga og rekneskapen er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.

Sak 9. Handsame rekneskapen til idrettslaget, den økonomiske meldinga til styret, meldinga frå kontrollutvalet og meldinga frå revisor.

Rekneskapen til idrettslaget vart gått gjennom, og meldinga frå revisor vart gått gjennom. Uttale frå kontrollutvalet: basert på det som dei har gått gjennom har dei ikkje merknadar utanom det som kjem fram i beretninga.

Sak 10. Handsame forslag og saker

Ingen forslag og saker er fremja

Sak 11. Fastsette medlemskontingent og treningsavgift for 2027

Framlegg: Hovudstyret i Hareid idrettslag gjer framlegg om å halde kontingenten på same nivå som for 2026, men med justeringar.

Barn 0-5 år:	100 kroner
Enkeltmedlem:	400 kroner
Familemedlemskap:	800 kroner.
Trenarar/andre frivillige som ikkje har barn i idrettslaget:	100 kroner

Gruppene får fullmakt til sjølve å fastsetje treningsavgift for sin aktivitetar.

Innspel: viktig å gå ut med informasjon om kontingenten – den skal betalast før utøvar kan delta på kamp og konkurranse

Vedtak*: Forslag til medlemskontingent blei godkjent*

Sak 12. Vedta budsjett til idrettslaget

Gjennomgang av budsjett for hovedlaget:
Lagt opp til sponsorinntekter på 1050 000,-.

Innspel frå salen: saknar ein langsiktig plan for korleis hovedlaget kan skaffe meirinntekter, som i sin tur kan «dryppe» ned til gruppene.

Nytt styre får i oppdrag å lage ein langsiktig plan for drift av idrettslaget.

Vedtak: *Budsjett for 2026 blei samrøystes godkjent*

Sak 13. Handsame organisasjonsplanen til idrettslaget

Nytt digitalt system for innsamling av politiattestar. Dagleg leiar har hand om dette arbeidet.

Vedtak: *Organisasjonsplanen er tatt til vitande*

Sak 14.Handsame forslaget om å utvide hovudstyret med ein representant

Framlegg til vedtak: Hovudstyret i Hareid Idrettslag ber årsmøtet om å utvide hovedstyret med ein representant, slik at styreleiaren i friidrettsgruppa går frå å vere vara til eit fast medlem.

Vedtak: *Framlegget blei samrøystes godkjent*

Sak 15. Handsame forslaget om å utarbeide nye rutinar

Framlegg til vedtak: Hovudstyret i Hareid Idrettslag gjer framlegg om å utarbeide/utforme nye rutinar for uønska hendingar. Dette kjem etter eit ønske frå hovudstyret, og etter pålegg frå kontrollutvalet i idrettslaget**.**

Vedtak: *Framlegget blei samrøystes godkjent*

Sak 16. Handsame forslaget om å kutte revisjon

Framlegg til vedtak: Hovudstyret i Hareid Idrettslag gjer framlegg om å kutte i ekstern revisjon, etter innspel frå Einar Giljarhus Løkken i BDO (revisor for idrettslaget).

Grunngjeving: Idrettslaget er no ikkje lovpålagt revisjon då vi er under grensene for omsetning, balansesum og tal på tilsette.

Vedtak: *Framlegget blei samrøystes godkjent*

Sak 17. Gjere følgjande val:

a) Styre med leiar, nestleiar, 3-6 styremedlem og 2 varamedlemmar
Det har ikkje lukkast valnemnda å finne ny leiar eller nestleiar til hovedstyret. I tillegg manglar vi no ny vara til hovedstyret. Noverande styre blir sittande fram til ekstraordinært årsmøte.

b) Kontrollutvalet med 2 medlemmar og minst 1 varamedlem
Jon Olav Slettebakk
Andreas Moldskred

Vara: Erling Hareide

c) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantar

Vedtak: Styret får fullmakt til å nemne opp representantar.

d) Valnemnd med leiar, to medlemmar og eit varamedlem

Leiar: Lars Atle Flø	ikkje på val
Medlem: Erling Hareide	ikkje på val

e) Eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget

Sak 18.Engasjere revisor til å revidere rekneskapen til idrettslaget.

Dette punktet vert ikkje handsama, sidan årsmøtet gjorde vedtak om å kutte i ekstern revisjon

Sak 19. Heidersmerkenemnda:

Vimpel på stang 10 år: Gunn Bente Drevland

Minner om ungdomsprisen. Viktig å annonsere dette i god tid før nyttår.

Sak 20. Eventuelt

Nytt tilbod i fotballgruppa: fotball-leik 4-5 åringar
Nytt tilbod i turngruppa: Cheerleading
Nytt tilbod i hovedlaget: Basistrening

Hareid, 26.03.2026

Vivian Johansen

Sekretær/referent

Signering av protokoll:

Leiv Arne Grimstad

Kristian Angelsen